

Blir du med på topptur? Dette var spørsmålet vi stilte i går.

Fjellsportgruppa i Kvinnherad Turlag lokka med tur til toppen av Geitadalstind (Nåso) men responsen var ikkje stor. Så viste det seg da også at berre ein møtte fram ved Grano der turen skule starte. Det var Johannes Hjørnevåg. Men turleiarane Ole Vidar Monsen og Geir Nes hadde lova å gjennomføra turen uansett oppslutnad og det innfridde dei.

Toppen vart nådd på knappe 3 timar via Kalkstasjonen og Monsen kunne melda frå toppen at det var full vinter og mykje snø der oppe.

Trioen hadde truffe 20 som også var på topptur, dei var deltakarar i festivalen i Rosendal. Konklusjonen var klar: Det er framifrå tilhøve for skisport framleis i det finaste fjellet vårt. Men opptur frå den mest krevjande sida er altså framleis ingen slager.

Tekst : Ola Matti Mathisen